



TYSNES KOMMUNE

## KOMMUNEPLAN – INNSPELSDOKUMENT

---



### Folkemøter om rullering av samfunnsdel av kommuneplanen

I samband med rullering av samfunnsdelen av kommuneplanen, inviterer Tysnes kommune alle interesserte til folkemøter.

Planen skal gje mål og føringar for korleis samfunnet skal utvikle seg. Til dette arbeidet treng me gode innspel frå innbyggjarane i kommunen.

Samfunnsdelen er omfattande og famnar om mange tema. Me inviterar difor til tre folkemøter/utviklingsverkstader denne våren, der me ynskjer at flest mogleg skal kunne få moglegheit til å komme med sine gode idear, tankar og innspel.

Felles for alle verkstadane vil vera:

- Kvifor kommunal samfunnsplan?
- Krav til planen
- Framdrift
- Involvering
- Fokusområder

**Møte 1:**

Tysdag 17. april kl. 18.00-20.00 Tema: Omsorg Helse og Fritid

**Møte 2:**

Tysdag 24. april kl. 18.00-20.00 Tema: Oppvekst og infrastruktur

**Møte 3:**

Tysdag 8. mai kl. 18.00-20.00 Tema: Bustad og næring

Alle møta vert i Tysneshallen.

Vel møtt!



TYSNES KOMMUNE

Det har vore 3 utviklingsverkstadar med moglegheit til å gje innspel til det pågåande planarbeidet. Det har vore bred deltaking frå administrasjonen for å kunne gjennomføra verkstadane i Tysnes hallen mellom 17. April og 8. mai.2018

Vidare vert innspela samla og drøfta vidare i ein politisk verkstad i utvida formannskapsmøte 15.5.18 før planframlegg vert ført i pennen og presentert formannskap og kommunestyret for godkjenning og utlegg til offentleg ettersyn i junimøtet.






Foto Ole Skaten

## Innspel frå verkstad 1. med Tema Omsorg, Helse og Fritid

### BORD 1

#### Gruppe 1:

Nok plasser

- Har me nok plassar til dei mest trengande brukarane

Nok personell

Viktig at me har god omsorg for dei unge, førebyggjande arbeid.

- Einsidigheit
- Legge til rette aktivitet
- Variasjon
- Mange har

- Gå meir gjera meir, fysisk helse er veldig svak

Kommunen kan organisere og sette i gang, frivillig drevet, fotballgrupper

Må bli sett og verdsett

Skape møteplasser

Bruke evnene sine, kva gjer skulen her. Meir praktisk.

Koding og verden vidare

Setje av tid til omsorg.

Kven skal sjå dei, kommunen som er den som administrerer, viser så langt som mogleg at det er tid og ....

Ser dei unge, unge som ikkje kan bu, må læra seg å bu, Sikra at dei har ein plass og bu.

Omsorgssenteret

Vil ha fleire tilsette på avdelingane, kan gå ut og ikkje vera fleire inne.

Skam – kan dei psykologiske avdelingane bruke meir tid.

Meir hjelp av psykologi og psykiatri.

Generelt som går igjen er at folk sakna nokon å snakke med, ein god samtale gjer mykje med helse generelt. Kan me auka innslaget av frivillige. Lage møteplasser.

Omsorg – få samspelet til å fungere mest mogleg, stimulere til at folk kan ansvar for sine sine eldre.

Bruke eksempelvis ungdom og elevar til å følgje opp ein del.

Vekka dugnadsånden. –

Heimetenesta må bruke mindre tid i bil, må ha fleire omsorg pluss bustader. Sjå kvarandre.

## Gruppe 2 –

Familien si oppgåve er heilt annleis, kan ikkje lita på ungane.

Kan truleg heller ikkje lita på det offentlege

BEVARE MEG VEL! – Bufellesskap der eldre hjelper kvarandre, kan redusere vesentleg Leggje til rette for ein del nye bustader.

Det fungerer andre plasser med denne type buløysingar

Kan også ha BEVARE MEG VEL for yngre.

Samlingsplasser er alfa omega, må tilretteleggja for samlingsplasser for dei som treng det aller mest.

Omsorgsbustader i plusskonseptet fungerer veldig bra, for pårørande er det blitt veldig bra.

Kan vera vanskeleg å få folk til å flytte.

Peralio som eit eksempel. Offentlege og private initiativ, har eit tett samfunn, kjenner naboen.

Kan me bruka løysingar for

Omsorg for dei unge: Korleis gje omsorg til dei unge, Kva med å etablera løysingar på tvers av generasjonar, mixe unge og eldre med omsorgsbehov.

Frivilligsentralen sitt arbeid med besøksvenn, treng fleire til å ta ansvar her.

Satt me i 2003 og såg i dag ?

Må ha to tankar i hovudet på ein gang, må bruke stor..

Me veit at kvar tredje/fjerde ungdom ikkje klarer å fullføre vidaregåande skule, kva med omsorgspersonar som tar seg av dei.

Ein del teknologi er eit framskritt,

Både stat og kommune må ta meir enn i dag. Er på grensa i dag av kva som er forsvarleg, det er faktisk eit spørsmål om me kan tilby likeverdige tenester i alle deler av kommunen.

Personleg omsorg er veldig viktig.

Må nytta seg av dei selvstendege.

### **Gruppe 3:**

Det er fleire måter å redusere timar i bil på

Er det mogleg å lage eit tilbod mellom open omsorg og institusjonsplass, omsorg pluss fungerer veldig bra. Det er eit sprik mellom det å bu heime, få lov til å oppleve

Kvardagsrehabilitering,

Dagtilbod er veldig viktig, er veldig lite positiv til

Behov for fleire omsorg pluss plasser.

Kva med yngre, prioritere psykisk helse for ungdom, gode tilbod i skulen.  
Er forkjemper for arbeidstrening for dei som ikkje kan fungere

Den blå skulen er eit fantastisk tilbod.

Leggje opp til meistring, tilrettelegging og kompetent

Bruk av arbeidstrening, klare seg sjølv

Kvardagsrehabilitering –

Førebygging er veldig viktig, kvardagsaktivitet.

80 års besøket – kan

Kan tape aktivitet gjennom passivitet.

Møteplass for eldre, men må utviklast vidare.

Idrettslaget på Reksteren har

#### **Gruppe 4:**

Framtidas omsorgstenester ser dårleg ut, må ha ein fot i grava for å få plass..

Meir oppfølging

Styrking av open omsorg, folk bur der dei bur i dag.

Me som innbyggjarar må vera med å planleggja korleis me vil ha det i alderdommen.

Viktig at me har eit hus som er rett, inn og ut av sjukehus.

Transport til og frå mellom helseforetaka

Omsorgstenestene i kommunen er veldig bra, korleis planlegge frametter, blir verre å få tenester i utkanten. Tenkje frametter,

Så lenge det kan ytast forsvarleg tilbod

Omsorgstenseneter - er det for å avlaste

Det bør vera eit bufelleskap i kvar bygd, einsemd er kjempeviktig å kjempe mot. Det bør byggjast omsorgsbustader

Den største tabben var å legga ned bufelleskapet på Nymark.

Du må ha kontakten med folk, har ei dame på Reksteren som skal .

Må drive open omsorg som i dag og ennå betre.

Mange unge som ikkje blir sett, få dei ut som besøksvenner

Funksjonshemma, at dei har ein plass å vera, få tilrettelagt arbeid og.  
Auka satsing på støttekontakter.

Dagsentertilbodet på omsorgssenteret.

Dagsenter for dei som ikkje er demente, treffstad for eldre.

Unge studentar fekk bu for å hjelpa til.

Demensvennlig samfunn.



## BORD 2

INNSPEL GRUPPE 1 :

### Legevakt :

Veldig god ordning, utfordring dersom legen ikkje vil gå vakt. Bør ha backup løysing.

Får ikkje alltid den faste legen, ofte nye...

Slit med å kome til på telefon, utfordring dersom akutt. Bør ha sekretær på legekantoret ?  
Vanskelig for mange eldre å bestille time på internett.

Kan legekantoret ringe tilbake dersom dei ikkje kan ta telefonen der og då ?

### Synleg/ikkje synelege sjuke :

Mange sit heime, er einsame, treng besøk. Bør ha ein god besøksteneste, ha frivilige som inkluderer.

Viktig å ha støttekontaktar, men vanskelig å få tak i. Incentivordningar for å bli støttekontakt ? Må i alle fall dekke utgifter med å vere støttekontakt. Korleis fange opp kven som treng støttekontakt ?

Teknologi :

Kanskje litt skremmande ? Redd for å få ein skjerm i heimen. Menneskeleg kontakt er viktig.





Foto Ole Skaten

#### INNSPEL GRUPPE 2 :

Kvardagsrehabilitering er viktig, samvirke mellom faggrupper (fysio, ergo, sjukepleiar). Møte med brukar for å finne behov og løysingar i heimen. Besøk jevnleg av helsearbeider. Opptrening i heimen, målet er å bu heime og då må trening/opptrening skje i heimen.

Hjelp gjennom syklus (funksjonsfriske i heimen til hjelpetrengande i institusjon). Samtale med helsearbeider når ein bestemt alder inntreff (for eksempel 80-års besøk).

Kritisk haldning til at «alt» skal digitaliserast, vanskeleg for eldre.

Skjemavelde for fastlegar gjer at mykje tid går til administrativt arbeid.

Alt for tidlig utskriving frå helseføretaka.

Utfordring med at svært mange legar er privatpraktiserande, der dei sjølv har teke alt administrativt arbeid. Tysnes har valgt å halde på eigne tilsette leger, gjer det enklare (og billigare) for legane ettersom dei då kan nytte kommunale støttefunksjonar.

Svært viktig med eigen legevakt på Tysnes, spesielt for småbarnforeldre og eldre som ikkje er så mobile.

Kanskje meir attraktivt å vere lege på Tysnes ettersom me har eige legevakt ?

Mykje betre med turnuslege på Tysnes enn ein overlege på Stord eller Bergen. Urimeleg ordning der turnusleger ikkje kan ha sjølvstendig vakt.

Må fange opp dei som treng hjelp, for eksempel ved psykiatri.

Støttekontakter er svært viktig, men mange timer arbeid og dårlig betalt.... Kan me få meir arbeid til dei som fell utanfor (tilrettelagt arbeid som f.eks. Tysnes Industri ?). Rydde stiar ? Arbeid for trygd ?

Må fange opp dei som muligens kan falle utanfor allereie på skulen, jobbe i forkant. Tverrfaglig tenking gjennom dei ulike livs/aldersfasane.

### INNSPEL GRUPPE 3 :



Førebygging er viktig, bygge gang- og sykkelsti mellom Våge og Uggdal. Då kan ungane sykle mellom bygdene på ein trygg måte.

Kommunen kan bruke meir ressursar på grunnavståing for betre vei mellom bygdene.

Vegane i dag er ikkje eigna til sykling, dette er nesten litt farleg i dag.

Frykteleg dårlege vegar.

Må ta vare på legestrukturen slik den er i dag, Tysnes har ein betre teneste enn mange andre i dag. Men for lang ventetid for å kome til fastlege i dag (opp til 5 veker). Er fastlegeordninga eigentleg noko å satse på ?

Digitalisering : Usikker på om fjerndiagnose/fjernhjelp vil vere greitt.

Kan heimesjukepleien knyttast nærare opp mot legekantoret ?

Går me for mykje til lege i dag ?

Forebygging og gode haldningar i skulen, innføre dette som fag. Få det inn i tidleg alder.

Fokus på psykisk helse i skulen

INNSPEL GRUPPE 4 :

Må ikkje endre på helsetenestene før E39 er på plass.

Må få på plass veiskiltene, og oppdatering av kart slik at utrykningstenestene kan finne fram.

Transport til treningsentrene? Kobling mot frivillighetssentralen f.eks ?

Digitalisering: Kan være både fordeler og utfordringer med digitalisering. Lang ventetid for å få legetime i dag, dette kan enkelt løysast via ein skjerm i dag. Så kan legen møte fysisk dei som faktisk treng dette.

Utfordring med den sosiale kompetansen når mykje interaksjonen går gjennom skjermen ? Kan få meir tid dersom digitaliseringa blir brukt riktig.

IT-kurs for eldre, slik at desse kan nytta seg betre av digitale tenester i dag. Koble dei unge mot dei eldre, for eksempel felles møteplassar slik at eldre kan lære IT og dei yngre kan lære om livet.

Mellommenneskeleg kontakt kan ikkje løysast av IT.

Betre tilrettelegging for høyrselshemma, bla. på rådhuset. Kan for eksempel leigast. Tilrettelegging også for rullestolbrukarar.

Dei som fell utanfor i ung alder manglar gjerne vaksenkontakt. Viktig å vere med dei sjølv om denne gruppa kanskje har lav status. Her må me vere på banen, og ikkje trekke oss unna. Dette kan bli ei svært kostbar gruppe dersom dei ikkje vert fanga opp på riktig måte. Det viktigaste er dei menneskelege ressursane, her må borgarane stille opp. Ein stor ressurs i innbyggjarane, treng ikkje nødvendigvis løysast av kommunen isolert.

Kan kommunen etablere ei digital oppslagstavle og kalender for frivillig arbeid ?

Kva er årsaka til at unge fell utanfor ? Her må me få meir kunnskap, som for eksempel samtale med lege/psykolog eller andre faggrupper.

Starte lærlingeplassar på omsorgsbustader/institusjon. Fin ressurs når dei er der, samt viktig for rekruttering til tenesta.

### **Innspel på gule lappar:**

Det å få inn psykisk helse som ein del av undervisning i skulen.

Velferdsteknologi ++

- Ansvar for eiga helse – planlegga alderdom- bustad –fritid- einsamhet osv.

Godt utbygd- helseteam i open omsorg.

Loven er lik for alle. Alle har rett på heimabasert teneste i kommunen

Støtteapparat for unge funksjonshemma.

---- oppfølging av dei gamle på sine rom , einsame bør få avlastningsplassar.

### **BORD 3**

– Emne: Nyttig fritid



- Meir aktivt bibliotek – lengre opningstid – meir tilgjengeleg, og gjerne med kafé-konsept. Sjølvbetjent.
- Fritida er ulik om ein er ungdom eller pensjonist
- Friviljug organisasjonsarbeid er i endring – vil på sikt forsvinne med den eldre generasjonen
- Ein treffstad / møteplass med jamlege møter og som har ulike tema (jfr. Kultur kafé og tidlegare Søndagsakademiet). For vanlege folk.
- Treffstad på ettermiddagstid for sosialt samvær (Jfr. førre punkt).

- Biblioteket er avhengig av samarbeid med lag og organisasjonar for å kunne drifte eit slikt tilbod.
- Viktig at ungdomar får oppgåver som kan «barke» dei til å bli gangs menneske
- Kva samla eldre og unge tidlegare? Lagsarbeid på tvers av generasjonar - kva har me i dag?
- Pensjonistar må sjølve ta ansvar for å lage møteplassar
- Motocross bane/klubb
- Bruk av sosiale mediar bekymre – kva gjer det med oss?
- Jobbe for å få fleire engasjert i fritidsaktivitetar og frivillig arbeid
- Unge må få hjelp til å starte opp ulike aktivitetar og til å administrere det – hjelp / støtte frå kommunen
- Motorsport bane
- Fleire «Blåbærhaugar» rundt på øya – få rydda/etablert nye gode turmål som er tilgjengeleg og med rullestol, barnevogn osv.
- Kommunen bør vere meir aktiv i møte med frivilligheita.
- Fleire frivillige besøksvener
- Vurdering av tildelingskriteriar for tilskot/midlar slik at dei som faktisk gjer eit «nyttig» arbeid og treff mange – får mest.
- Tysnes kraftlag får neste år utbytte av aksjar i BKK – desse bør styrast inn mot frivillig arbeid
- Sykkelritt for eksempel «Tysnes rundt» som mosjonsritt
- Vere gode på å få med våre nye landsmenn i nyttig fritid. Desse har mykje fritid men veit ikkje alltid kva tilbod som finns.
- Tysnes rundt ein fin og samlande aktivitet
- Ein er avhengig drivkrefter/eldsjeler for å starte opp/halde i gang nye tilbod.
- Utfordrande å delta på aktivitetar mtp kommunikasjonar/busstilbod
- Bør ha eit møte for å samle alle lag og organisasjonar, kyrkje og bedehuslag for å kartlegge kva dei ulike driv med og for å få samla kreftene. Ikkje alle treng drive med det same.
- Til rette legge for skyss til ulike arrangement , for eksempel som kyrkja i dag (kyrkjeskyss).
- Inspirere alle som ein veit har mykje fritid men som IKKJE bidreg med NYTTIG FRITID
- Er med å gjere kvarandre sterke og gode ilag.
- Ynskjer vekk skulefri onsdag – skule alle dagar evt med kortare dagar
- Tilbod til born er bra – ikkje så bra til eldre ungdom.
- Terapibasseng i gamle sjukeheimen ope for ålmenta
- «Vering»/Informasjon/Kurs for støttekontaktar – treng fleire gjer ein viktig jobb.
- Stimulere ungdomsrådet til å bli endå meir aktive.
- Lansere «Ploggin» (plukke boss på joggetur): alle på tur/joggetur kan plukke med seg minst 3 plast-ting/boss kvar gong ein er på tur. Stimulere til ryddedugnad.

- Pokemonjakt – får både unge og eldre ut og er fysisk aktive i tillegg til «gaming».
- Trimapp – bør ha ein del heilt enkle turar for dei som ikkje kan «klatre i fjellet» - og gjerne turar som og kan syklast.
- Utlån av El-syklar
- Styrke og framsnakke kulturskulen. Viktig at den og tek opp i seg kunst som fag.
- Musikkverkstad
- Senior dans – viktig møtestad for eldre med både sosialt samvær og fysisk aktivitet. Endre tidspunkt til seinare på dagen.
- Stimulere til fleire besøksvener – formidling av frivillige, td. Tysnesven
- Kommunikasjon/Transport er viktig faktor både for at unge og eldre skal kunne delta på aktivitetar.
- Sykkelsti Uggdal- Våge
- Veglys – hadde vegane vore opplyste kunne fleire gått til og frå aktivitetar utan for dei største bygdene.
- Skateboard rampe /skatepark
- Starte opp «Blå fritid» etter same lest som «Blå skule» for dei som fell utanfor all anna organisert fritid.
- Turgrupper (a la Torsdagsturen)
- Hjartetrim og treningssentra me har fått er positive aktivitetar
- Friviljuge friske pensjonistar kan rydde turstiar, langs vegar og elles i bygdene våre. Gjerne invitere med born og ungdom.
- Stimulere til den gode dugnadsånda og gjere det lystbetont.
- Utnytte ressursen som sjø- og båtliv er på Tysnes. Lokalt båtlag, flotte båthavner med bademoglegheiter rundt i kommunen. Viktig at born får erfare båtliv på godt og vondt
- Idrettsrådet må bli meir «samlande» - bør sjå på samordning av idrettsaktivitane i bygdene. Eit profesjonelt idrettslag er ei viktig rolle.
- Skape uformelle møteplassar (type kafè) rundt i bygdene
- Kulturkafeen viktig men bør vere på ettermiddagstid slik at fleire kan delta – og ha tema kvar gong.
- Viktig med treffstad for ungdom - god gamaldags «ungdom/fritidsklubb»
- Husflidslag; ta vare på gamle kunnskapar i høve handverk og handverkstradisjonar. Viktig å formidle til oppvekstande generasjonar.
- Utvikle «vrimehallen» i Tysneshallen til eit treffpunkt for ungdom som ikkje driv med trening men som treng ein stad å vere sosiale i fritida.
- Introdusere Open hall nokre helgar pr. måned der born og unge kan komma til «uorganisert» idrett. Klatring, bowling, ulike ballspel, gaming osv. Må organiserast saman med frivillige.
- Kystsogevekene

- Treffstaden for ungdom er viktig og må vidareutviklast. Styrka bemanninga slik at tilbodet blir meir stabilt.
- Aktivitetsverkstad for ungdom som ikkje driv med musikk eller idrett.
- Barnekor og liknande aktivitetar bør i større grad opptre på omsorgssenter/bustadar for å gled dei eldre.

## BORD 4

Det gode liv

Eigen organisert liv



Møteplasser for eigenorganisert aktivitet, eigenorganisert idrett, ikkje lag- og organisasjonar. Plass der barn og unge kan møtast utan spelkonsoll. Der det å hoppast høgast ikkje er det viktigaste. Møteplass som dei styrer sjølv.

Treffplass som ikkje er organisert.

Gang- og sykkelsti frå Våge til Uggdal, kan sykla til eigen aktivitet. Aktivitet for born dei styrer sjølv. Trygge vegar.

Universell utforming i natur.

Turveg ved sjø. Turveg ved båthamn, ved Thones. Fleire kystpromenader.

Tuområder med lys. Mulighet til møteplasser på tvers av generasjonar, tilretteleggast.

Gangveg frå omsorgssenteret ned til hovudveg.

Auka folketalet med å spreie bustadbygging, ha tilbod i alle bygder om tomter utanom byggjefelt.

Ikkje reservera dei finaste områder til hytter.

Utfordra strandsone problematikken til hus, ikkje hytter.

Breddeidrett er viktig.

Fellesnaust – kulturprosjekt.

Ungdomstida må vera god, då kjem dei tilbake til Tysnes

Frivillighet

Bu heime å få hjelp når ein trengje, å ha familie og nære venner rundt seg.

God kollektivtrafikk

Møteplasser for unge/ungdommar.

Ikkje lekser på fritida.

Lekser for at foreldra skal følgja med.

Tilbake onsdagsskule

Opningstider barnehage – dagleg – sommar

Søndagsopne butikkar

Meir kafé, lengre opningstider

Handikapparkeringsplass ved senter i Våge

Oppdatert symjebasseng med gode opningstider god varme/terapibasseng

Inngjerda område til hund – treffplass

Besøksvenner i heimen. Betre opplyst at det allereie finst eit tilbod om besøksvenn gjennom frivilligsentralen

Det gode liv er ikkje å sitja åleine

Løft for Tysnesven

Tilrettelagt meir avlastningsplasser for sjuke pasientar for at «pleiar» skal få ferie

Tilgang til badeplasser for alle, utan båt/bil



Meir opningstid på vinmonopolet

Det gode liv er i båten for å fiska

Åndeleg liv, eit plass å snakka om dei god samtale om åndeleg liv. (presten) Kykja blir ein sektor, samtaleplasser (møteplasser)

Tilretteleggjing av bubilplassar, også godt for næringslivet, i nærleik av sjø, butikkar og fjell.

Parkering i Solheimsdalen.

Merking av turstiar, betre merking/meir merking – kan bruka frivillighetscentralen

Meir areal ved sjø

Kva skjer med Svevågen?

Tilgang til sjø, båtplassar

Ta vare på Solstråleøya, forsetja med blå skule

Utnytta dei lokale restaurantane meir, bruka desse slik at me får behalda desse.

Møteplassar i alle bygder, dei må brukast

Brukar bygdalaga, utnytta deira resurs

Kan det bli for mykje kultur? Kulturkalender?

Det å få ha eit godt nettverk gjennom heile livet og god helse

Ha båtplassar, nærleik til sjø – kommunen må vera positiv

Kommunen kan konkurrera med tilgang til sjø for å få nye innbyggjarar.

Må tilretteleggja sjøplasser. Må få utnytta områder som ligge brakk i dag, men som kan nyttast. Må verna slik at alle kan bruka

Turveg for alle rundt vatn

Ingen offentlige badestrender i Våge, ønskjer seg badeplass i Andlavågen. Kuholmen passer også. Njordstø skal bli tilrettelagt. Båthamna – badeplass?

Fritidskafeen

Klatre- sykkel – park (har slik i Rosendal) – møteplasser

Sommarbåtrute – ulike plassar td. Solstråleøya

Kafear

Godt leikeområde på Reiso. Friidettsområdet er for dårleg. Treng oppfrisking.

For lite skirenn i år med masse snø



**Fra notater:**

Møteplasser for ungdom

Lavterskel aktivitet

Gang og sykkelsti Våge-Uggdal

Turområde med vogn- universell utforming

Turområde m/sjø

Frittstående bustadfelt

Naust(felles)

Ungdomstid

Bu heime

Kollektivtrafikk

Organisasjonsarbeid

(uten lekser)

Få tilbake onsdags skule

Åpningstider i barnehagen

Søndagsåpen butikk

Turløyper m sjø universell

Tilgang sjø

Tilgjenge

Symjebasseng

Terapibasseng

Inngjerde område for hund. Lufteplass-sosial møteplass

Besøksvenn i heimane

Heimetenesta- tid til prat.

Avlastningsplasser for sjukdom

Solstråleøya-blå skule

Ta vare på restaurantene

Kulturkalender

**Fra gule lappa:**

Det gode liv – relasjoner

Fellesnaust

- Til allmenn bruk av tradisjonsbåtar ( oselver)
- Eit kystsogeprojekt..

Tilgjengelige badeplassar i alle bygder

Gang og sykkelveg mellom Våge og Uggdal for å knyta bygdene saman og at ein kan ferdast trygt !

- Universell utforming – mange målgrupper!
- + gangveg frå omsorgssenteret til hovedvegen.



Foto Ingunn Gjærde

## **Innspel frå verkstad 2. med Tema oppvekst og infrastruktur.**

### **Bord 1**

#### **INNSPEL GRUPPE 1 :**

##### **Barnehage :**

- Me vil ha barnehage i alle bygdene, små størrelsar gir kvalitet
- Viktig for tilflytting
- Ressursar i barnehage og skule kan førebygge psykiske problema
- Litt skepsis til pedagognorm
- Kommunen må vere «på skrudd» når det gjelder søknader om økonomisk støtte til kurs og kompetansepåfyll

##### **Fritid :**

- Heilårs open symjehall vil vere bra for aktivitet, og symjetrening
- Forsømte leikeplasser, her kan byggefelta verte betre. Reguleringsplanen må vere styrande også når det gjelder vedlikehald.
- Kan bli betre på gangfelt (ref. Vågsmarka, som er kommunalt).

Forelderådgjeving, foreldrekurs for alle. Forelderrollen blir kanskje meir krevande med tida. Dersom dette gjelder alle i relevant aldersgruppe er det lettare å ta del.

Kan vere bra med fri om onsdagen for ungane, litt «luft» for dei

Syr me litt for mykje puter under armane til ungane, no skal alt vere så sikkert ? Men i dag har me for eksempel mindre drukningsulykker, og ulykker med bil. Frihet under ansvar? Vanskelig for foreldrene å finne ut kva som er dei naturlege grensene.

Viktig med PPT teneste også i barnehage. Denne må vere tilgjengeleg med rimeleg tidsfrist når behovet er til stades.

Viktig med opplæring i norsk tilnærming til oppdragelse for utanlandske innvandrarak.

Viktig å oppretthalde helsestasjonen, kan/bør aukast med psykologtenester (førebygging)

## **INNSPEL GRUPPE 2 :**

Kan bli nødvendig å prioritere når det gjelder barnehage i kvar bygd. Betre med større, men færre barnehagar.

Me må ha permanente bygg i framtida, ikkje bra med modulbygg som kan verte oppfatta som midlertidig. Unødvendig mykje straumbrok på modulbarnehagen.

Må ha barnehage på Onarheim pga. pendling.

Må tenke lurt når det gjelder investeringstakten framover, har ikkje råd til at alle bygdene skal ha både skule og barnehage.

Kan ein lage leikegrupper/foreldregrupper gjennom barnehagen.

Grensesetting er utfordrande for foreldra, kan me ha kurs for foreldra ? Også andre temakveldar/kurs for å gjere foreldra meir trygge. Også utfordring når foreldra sjølv sit med mobil/nettbrett. Viktig å ha førebyggje nettmobbing.

Barselgrupper bør haldast aktive til ungane vert eit par år, slik at erfaring og utfordringar kan delast mellom foreldra (leggetider/databruk etc.). Kan gjerne kople på helsesøster og anna kompetanse.

Målet er livsmestring, dette betyr at me må starte med kvalitet allereie frå fødsel av. Samling av fagkompetanse på tvers av faga samlokalisert.

Ungane er veldig fornøyd med barnehagen i dag, god kunnskap blant borna. I Onarheim vil dei helst ikkje gå heim....

Språk og begrep er viktig for utvikling, og her vil læring være størst dersom ein er aktiv i leik (for eksempel ute).

Skifte i fokus med yngre personell i barnehagane, dette er positivt for alle. Fornøyd med innhaldet/kvaliteten på barnehagane.

### **INNSPEL GRUPPE 3 :**

Barnehage :

Barnehage i kvar bygd ? Bør ikkje ha færre barnehagar enn i dag, er store nok for framtida. I dag kan foreldra og ungane gå til barnehagen.

Barnehagen bør liggje i tilknytning til heim eller arbeidsplass. Dette inneber ein struktur slik som i dag.

Stort sett må ein kjøre når ein skal på jobb, og då vert ungane levert med bil.... Kanskje ikkje så viktig med mange barnehagar ?

Bør barnehagar i større grad leggast til rette for pendlarane (Tysnes er ein pendlarkommune). I yttarste konsekvens Våge, Onarheim og Lukksund....

Foreldre og barn :

Trygge nærområde, spesielt når det gjelder veg

Heildagsskule slik at fellesskapet vert opprettheldt mest mulig (ut i frå at mange bur spredt).

Trygge vaksne er viktig for å gje trygghet for born, vere interessert. Dei vaksne må vere bevisst på korleis ein snakkar om andre, borna tek fort etter....

Frivilligsentralen er viktig for trygghet, kan ha større samspel med for eksempel bygdelag.

Temakveldar for foreldre/føresette. Kompetanse- og erfaringsutvikling, auka bevisshet rundt ulike problemstillingar

Kanskje litt lite idrettstilbod til ungar under skulepliktig alder.

Lokale treffstader i bygdene, der unger og foreldre kan møtast uformelt.

Kyrkja har ei viktig rolle i samfunnet, kan dette vere ein treffstad ?

Kommunen må ha fokus på mangfald når det gjeld aktiviteter, slik at det ikkje kun handlar og fotball eller handball. Kommunen må ta ansvar for bredden.

Viktig med mjuk overgang mellom barnehage og skule.

Kulturskulen bør leggje til rette for at ein i musikkssamanheng kan spele saman (for eksempel band), for å utvikle mangfald og at dei som spelar kan halde på lenger og ikkje slutte.

Kan kommunen løyve midlar til ungdomsklubb, der ungdommane sjølv kan styre ? Ungane i dag slepp unna plikter og dugnad, dette er det foreldra som stort sett gjer.... Blir eit «sjokk» når dei sjølv når ein alder der dei må gå dugnad sjølv.

Ungane vert stressa når dei skal rekke over alle organiserte aktiviteter. Ungane må lærast å kjede seg også....

I dag er me så flinke og engasjerte at ungene rett og slett tar litt «skrekken». Kanskje dei mest engasjerte foreldra ikkje har dei mest engasjerte ungene ?

Heildagsskule gjer at lekser ikkje trengs å gjere heime, dette vil betre «miljøet» i heimen. Slepp krangel rundt lekser, der ein heller kan oppleve «familietid». Kvaliteten ligg i «familietid» og ikkje i dataspel....

Vere bevisst på haldningar, kan gjerne ha dette som tema i for eksempel foreldremøter på skulen. Er enklare å oppdra barn når ein har kunnskap om kva andre foreldre gjer (ungane er spesialister på å fortelje kor mykje friare andre ungar er).

Må få på plass ein PPT avtale som fungerer

Fokus på førebygging av digital mobbing. Må tørre å ta tak når ein ser mobbing (det er lett å snu seg bort og håpe at det går over av seg sjølv).

**GUL LAPP:** PP-tjeneste for ungdom og veiledningskurs for foreldre

## **Bord 2**

Skuleåra og unge vaksne

### **Gr.1**

- Skuleonsdag. Må det vere fri denne dagen? Fungerer ikkje så bra i dagens samfunn. Foreldre må ta seg fri dersom barnepassar ikkje kan.. Onarheim har ikkje eit SFO tilbud. Dette heng ikkje saman med korleis samfunnet er i dag, då dei fleste treng å jobbe full tid.
- Det er store boligfelt under utbygging og planlegging i Uggdal, så det vil bli behov for flere elevplasser, ikkje færre skoler.
- Viktig med tidlig innsats – god spesialpedagogisk innsats. Barna må få tidlig hjelp. PPT og BUP tidlig inn.

- Elevar må få lov å utfolde seg på andre arenaer enn teoretisk. Mestringsfølelse
- Meir arbeidsrelaterte fag. Praktiske fag/data eller liknande. Skru og mekke.
- Valfag. Får barna val av det praktiske slaget?
- Godt tverrfagleg samarbeid mellom tenestene. Helsestasjon, ppt, barnevern, BUP, osv..
- Har me nok møteplassar til ungdommen? Kan ein opne det kommunale rommet over Carisma fleire dagar?
- Kva med Vrimlearealet i hallen, biblioteket?
- Motorcrossbane? Må ha eldsjeler til å «drive» det.
- Sette av eit areal til «nye aktivitetar» så vert det kanskje noko ut av det
- E-sport?
- Heildagsskule med aktivitetar inn i den tida, koding, varmmat, mekking, korps, lekser. Då får du tid til familie og venner når ein er ferdig for dagen, i tillegg har barna fri når foreldra har fri.
- Det er grenser for kor mykje ein kan kjøre til og frå dei ulike aktivitetane.
- Leksehjelp er veldig bra, burde hatt meir mat for at dette skal bli optimalt.
- Forlenging av skulekvardagen.
- Leksefri
- Lite rom for den spontane leiken i den strukturerte kvardagen vår.
- Utdfordrende å ha trenere i tidsrommet 14.00 – 16.00. Kan dei frikjøpas? Dette tidsrommet er eit mulighetsrom
- Samla ressursar og personal til ein plass for å få best utnytting i forhold til skulemiljø og organiserte aktivitetar
- Meir uorganisert leik... Utegruppe for dei yngste... Meir leik i naturen.
- SFO-utegruppe

## Gr. 2

- Barn må få være barn lengst mulig... Skulestrukturen me har i dag, så fungerer den bra i forhold til dette.. Leik på alle klassetrinn.
- Bra med Stjernereiso i nærleiken av barnehagen. Og det same på Onarheim, barnehage i nærleik av skulen
- Ein kan vere like lenge barn på ein 1 -10 skule. Tysnes skule har tapt på å mista 1.-4. klasse. Ein saknar dei yngste elevane. Det gjer noko med miljøet når ein har heile aldersspennet.
- Kommunale Leikeplasser – der born ferdast i nærmiljøet. Kanskje i nærleik av skule, hall eller liknande. Leikeplassar som er skikkelig og som igjen vert ein møteplass for småbarnsforeldre og andre.
- Fotballbane og idrettsbane gir gode muligheter for idrettsaktiviteter som en del av SFO. - nærhet til natursti, elv, slengdisseskog, skøyteis om vinteren.



- Lage barndommen spennande. Det er spennande å byte skule.
- Lage fleire og betre fritidstilbod for dei som går på vidaregåande skule. Denne aldersgruppa må me ta vare på. Og ikkje minst ha gode pendlarmuligheter til dei ulike skulane.
- Treffstaden er ein suksess – noko tilsvarande for eldre ungdommar.
- Møteplassar er viktig
- Har skulen tatt inn over seg at me har 6 åringer i skulen? Må behandlast som 6 åringer. Kan dette vere starten på eit dårlig skulegang? I dag er det mykje krav.
- Arbeidsplassar for ungdom? Realkompetanse kommunal regi.. Kan ein knytte opp andre bedrifter.
- Ta vare på vidaregåandeskuleelevar.. Dersom me ynskjer å ha dei tilbake.
- Blå skule veldig bra. Kan elevar komme meir ut i næringslivet å få praksis?
- Har me sommarjobbar til ungdommane?
- Bustadområde: Areal der folk ynskjer å bu. Attraktive tomtar.
- Kanskje Tysnes treng to Tysnes industri?
- Meir vaksne inn i dei første skuleåra/barnehagen.. Tidlig innsats, med fleire folk for å få ein betre start.
- Knytte næringslivet nærare skulen
- Skape ein opplevelse av meistring til alle barn
- Står me fritt til å velje læringsmetodar? Meir praksis. Kan ein utnytte rammeplan og læreplanane meir? Til nye læringsmetodar? Som motiverer meir?
- Korleis vekke barn sin nysgjerrighet?
- Relasjonar er viktig. Barn treng å bli sett.
- Idédugnad – for korleis skape arbeidsplassar? Geiteslakteri?
- Ungdomslaga er død... Ungdommane må få friheten til å skape seg møteplassar sjølv. Må foreldra vere med på alt? Blir ungdommane styrte av foreldre heile tida?
- Skule som triggjar gutar meir. Trur skulen er for jentemotivert
- Meir praktisk læring. God ide med praksis læring i arbeidslivet t.d. ungdomsskulen

### Gr.3

- Læreplassar på Tysnes i større grad, både i kommunal og private bedrifter
- Halda på skulefri onsdag for å få ro hos barna... Skulefri onsdag er verdifullt for barna.
- Skulefri onsdag er og eit problem, for dei foreldra som arbeidar fult. Og for næringslivet og arbeidsgjevarar.
- Pedagogisk har elevane godt av kortare dagar. Meir fordelt og med gode pausar i mellom. Uggdal skule er i dag så komprimert og stram at det vert eit jag
- Uggdal skule er blitt komprimert..pga. skyss.
- 6 timar for 6 åringer er for lenge og det er ikkje bra.
- Kantine i skulen med varm mat. Og kunne lage elevbedrifter som organiserer det. (her er mykje læring og praktisk tilnærming)

- Fellesskap- ete ilag. Skape gode fellesskapskjensler og gode relasjonar.
- Tysnes er geografisk tilrettelagt for heildagskule.
- Fritidsaktivitetar inn i skuledagen. Frikjøpe trenere?
- Meir ressursar inn i barnehage og skule dei fyrste åra med tanke på psykisk helse. No driv ein brannslukking. Kanskje ha inn andre yrkesgrupper?
- Meir tid ilag med barna. Faste trygge vaksne rundt for å ruste dei for framtida.
- Tidlig innsats: mindre grupper. Det hjelper.
- Normalbegrepet/båsen er snevra inn (blir mindre og mindre) og alle passar ikkje inn her...
- Kva med dei som ikkje passar inn? Blå skule er bra, treng me meir av dette?
- Skule der alle opplever meistring.
- Alt for mykje kartlegging.. For mykje måling.. Ikkje bra for dei som ligg i dei lavare skikta
- Må ikkje tidlig lage spesialister
- Alt må dokumenterast dessverre...
- Målet for skule og barnehage må vere MEISTRING (Livsmeistring) det skaper ny meistring. Alle veks på oppleving av meistring
- «Alle barn skal oppleve meistring kvar dag»
- Burde «blåskule» ned i klassane?
- Vidaregåande skule på Tysnes? Opprette vidareskule i helse og sosial. Samarbeid med sjukeheimen. Der ein kunne hatt praksis.
- Fritid; nærmiljøanlegg; idrett og leik. Miljø for heilårsdrift!
- Felles paraplyorganisasjon for idrett og fritid
- Fleire tilbud for barn og unge liknande treffstaden
- 1.-7. på Onarheim og 1. – 7. på Uggdal og 8. – 10. i Våge.

#### Frå e- post og gule lappar:

Hvorfor skal vi beholde Uggdal skule for de minste?

- barna får gå på skole i et miljø som er trygt og oversiktlig.

- gjennom allsidig lek i et stort og variert lekeområde får de utfolde seg og "være barn".

- aktive barn = glade barn = gode læringsmiljø og klassemiljø

- etter fire år på barneskole i Uggdal, er barna klare for et miljøbytte.

De gleder seg til å gå på storskolen.

1-10 på Gjerstad vil skape:

- trengsel på skoleplass, lekeapparat, ballbinge, ballplass. Elevene etterlyser allerede i dag mer tid i ballbinge, fordi spilletiden må fordeles på alle klassene.

- mindre uteareal fordelt pr elev, skaper grobunn for mobbing, ref. forskning omtalt i Haugesunds avis høst 2013.

### BORD 3



infrastruktur/kommunikasjon.

- Skuleveg: er også der ungane står og ventar på buss.
- Gang-og sykkelveg mellom Våge og Uggdal. Betre samarbeid mellom bygdene. Mange skal til Reiso på ulike aktivitetar
- Fokus på vegar der barn- og unge ferdast
- Turveg rundt Myklestadskogen
- Vatn og kloakk. Samanknytning av vassverka i Våge og Uggdal
- For å få ungdom til å flytta heim, må alle ha lik moglegheit for å koma seg til aktivitetstilboda. Foreldra blir også låst opp til skyssing av barn. Betre busstilbod/gratis buss.
- Eldre utan sertifikat må også ha høve til å koma av garde til aktivitetar
- Kommunen må stimulera frivilligsentralen til å også driva skyss
- Bybane i sjø. Hurtigbåt i Sunnhordlandsbassenget. Vi vil også vera med
- Båtskyss til vidaregåande i Fusa/Eikelandsosen
- Leggja til rette for pendling. Pendlartilskot frå kommunen både til ut-og innpendling
- Mobildekning i kommunen. Kor langt er me komne? Dette må løysast! Kan ulike aktørar hjelpa oss? Kva blir framtidas teknologi på dette feltet?
- Kan kanskje spleiselag mellom næringsliv, kommune og Telenor fungere. Vær oppmerksom på mulighetene som ligger i nye Tysnes Kraftlag AS og eventuelle gaver til allmenntyttige formål.
- E39 går sin gang. Me må få skikkelege tilgangar og sikra kommunen sine interesser
- Parkering for bubilar
- Parkeringsplassar i Våge

- Renovasjon. Skjemmande oppstilling av containarar. Kan me satsa på nedsenkbare sekkar. Molock.
  - Areal til næring. Sletta uutnytta areal
  - Djupvasskai i Nedrevåge. Kva med dårlege tilførselsvegar,- bør jobba for vegtilknytning der store bilar kan ferdast trygt
  - E39 Anleggsperiode. Planar for anleggstrafikk. Støy og trafikk. Riggplassar, anleggsplassar må planleggast både i forkant og etterkant av arbeidet
  - Vasskvalitet. Bør kopla saman vassverka for å sikra vassressursane våre.
- Gruppe 2.
- Gang-og sykkelveg mellom Våge og Uggdal ( skuleveg, folkehelse)
  - Utvida vegen i Dallandsbrekka
  - Gangsti frå Henningshagen til Onarheim skule
  - Plass for gåande opp i Sauabakkane
  - Manglande gangstigar i Lunde og Uggdal må gjerast ferdige
  - Nytt nettverk/samankopling av vassverka gjer rom for å samtidig leggja til rette for anna infrastruktur
  - Fjellvegen på Onarheimssida må utvidast og gjerast ferdig. Dette er skuleveg. Kløvbrekka er også altfor dårleg.
  - Ny veg frå Nedrevåge til Lukksund og Skorpekryssset til Hodnanes. Sterkt ønska!!!
  - Busstilbodet er dårleg spesielt på skulefri dagar
  - Ønske om « godt brukande»-avdeling i Eredalen. Positivt gjenbruk.
  - Mobildekninga er for dårleg. Kommunen må vera pådrivar for å få dette til.
  - Me vil ikkje ha dyrare ferger. Dette er ein trussel for oss som pendlarkommune. Pendlartilskot må vurderast på nytt.
  - El-bilar bør betala det same som andre bilar.
  - Sjøsetjing av båtar må kunna gå an i alle bygder utan å «godsnakka» med grunneigarar

### Gruppe 3.

- To-feltsveg rundt heile Tysnes
- Parkeringsplassar t.d. i Solheimsdalen, Våge,..
- For mange smale vegar
- Vegstandard er m.a. for dårleg i høve til beredskap/uttrykningskøyrety. Leggja press på Fylkeskommunen
- Trafikksikring av skulevegar. Trafikksikringsplan. Eksterne midler
- Mobildekning, for dårleg. Spesielt over fjellet mellom Uggdal og Onarheim.
- Ønskjer ikkje vegutbetring med pikking. Dynamitt er meir effektivt, og ein får meir veg igjen for pengane
- Ikkje overtaking av Fylkesvegar

- Fylkeskommunen og Tysnes kommune må samarbeide med Statens Vegvesen for å løfte oss ut av kjerreveienes tidsalder.
- Sikker skuleveg frå Lunde til Våge
- Hurtigbåt til Fusa. Attraktivt for mange av våre ungdommar. Viktig å tilretteleggja for at dei kan bu heime lenger
- Tilretteleggja for skyss til Stord for vidaregåande-elevar. Gjerne med båt.
- Fergene bør ha avgang kvar time. ( Ny veg til Fana i 2022, gjev nye høve for jobb-pendling)
- Seinare ferjeavgang i helger
- Veglys mellom Uggdal og Våge. Start med Dallandsbrekka
- Bussprisar. Sonane må vekk. Betre busstilbod i helgane. Bestillingsskyss?
- Busstilbod til Bergen via Haukeland bør gjeninnførast
- Sikra god korrespondanse med eksterne transportørar utanom kommunen
- Gjennomføra alle fysiske tiltak i trafikksikringsplanen
- Kystbussen må få lov å ta opp passasjerer på Halhjem
- Kommunale vegar, ein del av dei, bør over på private
- Oppgradera budsjett for vedlikehald av kommunale vegar. Utarbeida kriterier for dette arbeidet.



### **INNSPEL NÆRING GRUPPE 1 :**

- Fiskebruk i Skjelleviksundet, Fylkesmannen sa nei til politikernes fortvilelse
- Avgjerande kor tid avgjersle for kommunikasjoner kjem (E39), viktig med forutsigbarhet både for tilflyttarar/pendlarar og næringsliv
- Næring er ikkje alltid lik arealbehov.... Viktig å få tak i personer som driv næring, for å gå i dialog med kva som er behovet. Kva er næring ? Kan vere så mangt og ikkje kun i tradisjonell forstand. Ressurspersonane er viktigast, disse må me i dialog med
- Ofte eksisterande bedrifter som veks og som gjev arbeidsplasser. Slett ikkje alltid grundarar som gjev vekst

- Faglig påfyll for dei som driv i dag (reiseliv). Gå i saman for å sjå muligheter.
- Reiseliv, dersom me satsar på dei, må også leggje igjen pengar på Tysnes.
- God turistinformasjon, må vere tilrettelagt
- Bobilparkering, lage ei ramme og miljø (Våge ?)
- Tysnesfest starta med prikkedagane.... Av og til er det dei små tinga som veks seg store. Poenget er at det ofte er vanskelig å sjå kor ting starter. Har mindre tru på at det kjem ein ny fabrikk til Tysnes
- Ei gamal rønne på Haaheim er no blitt eit kjent hotell.... Vanskelig å planlegge og sjå kva som vert suksess på sikt !
- Veldig synd med at Godøysund ligg brakk som turistplass, tidlegare var dette ein kjent plass på Tysnes og drog turisme
- Vanskelig å få tradisjonell drift på Godøysund ut i frå infrastrukturen, må gjerne tenke alternativt med rorbruer etc.
- Må avgrense areal for oppdrett i Tysnes ut i frå miljøperspektiv og forureining i havet
- Ikkje alltid slik at oppdrett forureiner....
- Oppdrett vil i framtida vere viktig for Tysnes, men utvikling må skje innafør kontrollerte rammer.
- Kommunikasjoner vil vere alfa og omega både for bustad og næring. Kan me få me oss Huglo, dette vil geografisk vere naturleg ? Bru til Huglo må ein jobbe vidare med. Kan bety mykje positivt både for Tysnes og Huglo. På sikt kan me også tenke kommunikasjon med Kvinnherad.
- Personer med evne, vilje og kapital er viktig. Desse må me få tak i....
- Vanskelig og øydeleggjande å legge for strenge rammer for næringsdrivande (for eksempel gjennom areal). Desse har gjerne sine egne tankar og behov som kommunen ikkje kan planleggje for.
- Eit døme på moglegheit er fiskebåtreiaren som vil lage kai på Reksteren, men som står litt i stampe pga gjeldande arealplan ikkje samsvarer med behovet.
- Kva næring er naturleg for Tysnes ? Reiseliv og havbuk er to dømer på vekstområder ein bør prioritere ut i frå Tysnes sine føresetnader.
- Dyrt og vanskeleg for private å lage ein reguleringsplan...

- Bør prioritere utbyggjarar som vil byggje bustad, og mindre dei som meir eller mindre ligg brakk over tid. Dei som ligg brakk bør takast ut av planen for å kunne gje godkjenning for ny og reell utbygging.
- Få hyttefolk til å bu her meir gjennom året (lys i kvart hus...)



### **INNSPEL NÆRING GRUPPE 2 :**

- Sveio har satsa på å vere ein bu-kommune, med pendling mot Haugesund. Men her på Tysnes vil ikkje dette vere den rette strategien
- Næringsarealet på Dalland/Hodlekje må utviklast med ein størrelse som gjer dette attraktivt for næringsaktørar. Dette arealet ligg dessutan utan konflikt med bustad
- Næringsarealet på Dalland/Hodlekje vil ved utvikling også kunne leggje til rette for gang- og sykkelveg m.m.

- Næringsområdet på Dalland/Hodlekje må utviklast på førehand på ein slik måte at aktuelle aktører kan meir eller mindre flytte direkte inn på tomt....
- Kommunen har vore passiv mot utbyggjar ift utvikling av Nedrevåge. Her kan kommunen vere meir aktiv mot næringsinteressane
- Tysnes må endre slagordet «Framtid på historisk grunn». Dette er svært lite framtidsretta. Tysnes er eit hav av muligheter, men slett ikkje på historisk grunn. I dag er det svært vanskelig å få til næring når signala er at Tysnes er av stor historisk verdi.
- Kva er interessant med Tysnes for næringsinteresser utanfor Tysnes ? Kvifor skal desse etablere seg her ?
- Framtida vil gjerne handle om tilgang til sjøareal, her må ein gjerne arealmessig leggje til rette
- LNF er ein utfordring ift ny næring. Kan bli flinkare når ein lager det nye arealkartet slik at ein kan vere langt meir fleksibel
- Er næringsarealet på Dalland/Hodlekje rett plassert, ref. E39 med tilførsleveggar.
- Kan me få Bergen hamn på Reksteren i framtida ? Bergen hamn skal leggjast ned.... Men krev mykje flytting av stein, dette er svært dyrt. Stein frå E39 ?
- Må ha fleire næringsområder når E39 kjem, må vere på «alerten» ift mogelege masser som kan nyttast til næringsareal
- Må setje av areal på sjø ift næring og fastbuande
- Må prioritere ein plan (kulturminneplan) som viser kva me prioriterer av historisk grunn, slik at me kan «frigjere» areal som ikkje vert omhandla av denne planen.
- Ingen kommunar har mista så lite kulturminner som Tysnes, vert Tysnes eit alibi for Fylkeskommune/Fylkesmann ?
- Me har ingen kulturminner på Tysnes som er salgbare. Vanskelig å lage turisme og næring rundt disse. Kulturminnene ligg under jorda....
- Har litt turistbusser i dag som kjører rundt
- Kommunen må tilretteleggje areal, og ha ei effektiv sakshandsaming. Langt fleire saker enn i dag må handsamast administrativt og ikkje politisk i Landbruk/Teknisk utval
- Kommunen må presse på for å få betre ferjeavganger enn det som er skissert for el-ferjene. Dette er avgjerande for næringslivet !
- Kan me tilsette ein lobbyist for å påverke avgjersler utanfor vår kommune ?



- Huglo og ferjeavløysingsmidlar – kvifor får me ikkje dette til når andre kommunar får det til ? Huglo-sambandet må løysast med bru. Tysnes kan utvide mogeleg areal monaleg ved å «overta» Huglo
- Kommunen må vere næringsvenleg, dette er viktigare å ha enn ein tilsett næringsjef
- Godt teikn at utvalet for Landbruk/Teknisk er såpass positiv til ulike næringsøknader.
- Viktig med lærlingeplassar på Tysnes ift å gje ungdom mogelegheter både under utdanning og seinare i arbeidslivet
- Skal me tenke på å reetablere ein vidaregåande skule på Tysnes ? Folkehøgskule, akvakultur etc ?
- Kommunen vil få masse midlar frå Havbruksfondet framover, korleis skal desse disponerast ? Bør desse nyttast til næringsutvikling ?
- Eit godt eksempel på korleis ting ikkje skal gjerast er 2012-prosjektet reint organisatorisk. Vart innlemma i kommunen, og dette er ikkje ein god modell. Slike prosjekt må liggje på utsida av kommunen reint organisatorisk
- Midlar frå havbruksfondet (og Tysnes Kraftlag) må ikkje gå inn og auke driftsnivået i kommunen.
- Tysnes har endra seg svært lite dei siste 30 åra, men innbyggjarane er i all hovudsak nøgd.....:)
- Bør vere ein politisk målsetnad å kunne gjere det mogeleg å få ein veg gjennom Lukksund (mellom Nymark og Sunda). I dag er det verna barlind som set kjepper i hjula.
- Ytre etater blokkerer alt for mykje framtidige muligheter (ref. Ånuglo)
- Dei kommunale oppgåvene er å lage og oppdatere planer. Utbyggjing av bustadområder bør ikkje skje i kommunal regi. Alternativt er å gå inn i eit tomteselskap, men dette krev mykje kapital



## REFERAT BUSTAD 8. MAI 2018 KL 18 – 20

### Gruppe 1

Ønskje at fastbuande kan få det finaste tomteareale i kommunen. Pr. i dag er det finaste tomteareale nytta til fritidsbustader. Må få vekk denne «husmannsånda» at dei finaste tomtane vert nytta til fritidsbustader.

Må ha ulike bustader å kunne tilby? Har me bruk for leilegheiter framover? Me må ha noko anna å tilby enn i ein by. Behov for enkelte bustader å tilby i ein nyetableringsfase.

Kva fortrinn har Tysnes å tilby, sjø og fjell m.m.

Folk må få lov å bu der dei vil. Vil folk bu tett må dei få lov til det, og vil dei bu grissgrendt så tilrettelegge for det. Samfunnsdelen må legge til rette for valfrihet kor ein vil bu, og kva type bustad ein får bygge.

Kva med byggefelt, kommunen tilrettelegge m/ byggefelt i plan, private entreprenørar må vere utbyggjarar. Legge til rette for off./priv samarbeid. Alle vekstkommunane har private aktørar som driv utbygging, avhengig av kapital, Tysnes Bustad eit eksempel på privat utbyggjar utan kapital.

Behov for utleigebustader, mange vil gjerne selje einebustad, kjøpe leilegheit i blokk, nokre vil eige, andre vil leige.

Legge til rette for utbygging på Nord Reksteren/Gjøvåg når E 39 kjem, dette vil bli den 5. store bygda på Tysnes.

Kva konsekvensar får ny bru over Bjørnefjorden? Ein ny utbygging av veg og bru vil krevje nye bustader, barnehage, butikk etc.

Ny skule må tilretteleggast i den forbindelse på Nord Reksteren. Det blir alltid ei utvikling rundt eit kryss, bruanløp, ferjekai etc.

Viss oppstart i 2022 må dette inn i denne planen. Anleggsstart i 2025 er gjerne meir realistisk. Føresetnad at brua kjem, planlegge for nytt bustadareal.

Viktig at kommunen legg til rette med bustadareal på Reksteren i planarbeidet.

Tysnes burde hatt ambisjon om å doble tal hytter, lage kommunale hyttefelt?

Samstundes bør ambisjonen om å auka fastbuande tre/firdoblast.

## Gruppe 2

Kva type bustader vil me ha, ønskjer me bygging av leilegheiter, eks. på fortetting.

Ønskje om nytt bustadareal i Våge på Gjerstad (overfor kyrkjegarden) og på Hauge.

Viktig at kommunen legg til rette med byggeland.

Korleis få nytt tilrettelagt areal i Uggdal, Myklestad, få entreprenør på banen.

Eks. Jensvoll 2 var eit dårleg prosjekt som bygningsareal.

Strategi, målsetjing, kva er hensikta? Vil ein få nye folk til å flytte til Tysnes?

Behov for leilegheiter, unge i etableringsfasen ønskjer det.

Behov for einebustader, unge familiar ønskjer det.

Viss hyttefelt må det tilretteleggast med båt plass.

Kvifor skal Tysnes bygge ut?

Viktig å tilrettelegge for private aktørar, Tysnes Bolig, Alsaker, Andersland Bygg AS.

Folk vil gjerne bu sentralt, fortetting er viktig, nødvendig å ta i bruk LNF område.

Nord Reksteren kan bli «soveby» for Bergen til pendling. Viktig med bustadfelt, ikkje hytter.

Kan hyttefelt nyttast til fastbuande, endre tekniske krav, for at hytter kan bli reg. til bustadhus.

Hytter er viktige i forhold til næring, forretningsvirksomhet.

Mange unge vil bu sentralt, i byggefelt, nær barnehage.


Desentralisert barnehagestruktur er viktigare enn skule.

Mange unge som flytter tilbake til Tysnes vil bu på heimplassen, der ein er født og oppvokst.

Spreidd busetnad er viktig for dei som ynskjer det.

LNF+ spredt busetnad.

Viktig m/ nærhet mellom adm/politisk nivå ut til befolkninga for å få innspel, kjøre dialog regelmessig for å få innspel, høyre kva ein vil. T.d. Austevoll flink å bygge opp relasjon til næringslivsfolk.



Utdrag frå hyggelig brev frå Reksteren

Me ber om at kommunen legg til rette for at me framleis kan bu på Nord-Reksteren!

Me treng kommunale tenester som heimebaserte tenester men vil og halda ope høve til å opne opp for tenester som barnehage-skule om behov skulle melda seg.

Det vert og bedt om at kommunen ser etableringa av E 39 opp mot nyetableringar og mogleg auke av barnefamiljar.

Korleis vil kommunen skaffa midlar til å utbetra vegane på Reksteren ?

Vegane tål for lite akseltrykk for å kunne vera anleggsvegar.

Kontakt geolog i samband med rasfare og svake vegmurar i området Gjøvåg.

For lang skuleveg i buss, meir direkte skyss i taxi.